

Meland kommune
V Anny Bastesen
Ref 15/1419-15/13498

Holme 13.07.15

Vedrørende høyring Blom fiskeoppdrett AS og søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika til Holme.

Det er heilt uakseptabelt at tiltaket HØYRING, Blom Fiskeoppdrett AS, arkivsaksid 15/1419, vert annonsert i avisene, og varslingsbrevet vert sendt ut til oss i ferietida, like før fellesferien og med tidsfrist like etter. Det gjer det høgst usikkert om alle får sett på dette, og ikkje minst, at alle kan få tilstrekkeleg tid til å sette seg godt nok inn i saken, og få diskutert denne med kvarandre.

Anlegget er stort, og tilsendte informasjon manglar vesentleg biletmateriale, av utsjånad over vatn, oppteikna siluett, og korleis anlegget vil sjå ut på fjorden frå ulike retningar, m.a. kva det vil ha av bygg o.l. Likeså manglar opplysningar om kva lys- og lydforureining drifta vil medføra. Det er sjølv sagt også vesentleg for vurderinga korleis anlegget vil innvirke på den kulturhistoriske opplevinga av Holmeknappen som er kommunen sitt satsingsområde for kulturvern.

Dette er sjølv sagt avgjerande opplysningar for ei høyringsuttale.

Me legg ikkje skjul på at me i utgangspunktet ser svært negativt på desse planane. Men av grunngjevinga over, kan me ikkje gje nokon høyringsuttale før manglande informasjon er motteken og me krev med dette høyringsfristen utsett til all manglande informasjon er bekrefta kommen alle i hende.

På vegne av

Asle Brakstad og Elin Iden	Holmeknappen 54
Ku Chunping	Holmeknappen 52
Anne og Leif Johnsen	Holmeknappen 49
Knut Sagstad	Holmeknappen 56



Knut Sagstad